

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Fylkesutvalet

Sløvåg, 28.8.2018

FARE FOR KUTT I FERJETILBUDET PÅ FENSFJORDEN.

Næringslivet i Ytre Gulen har med stor uro registrert oppslag i avisas Strilen denne veka at det kan bli aktuelt å kutte i avgangar på Fensfjorden når dei nye anbuda skal opnast der i 2020.

Både næringslivet her og Gulen kommune har ved fleire høve argumentert for fleire avgangar og ikkje ferre. Næringslivet i Sløvåg, Skipavika og på Byrknesøy har stor aktivitet og er i vidare utvikling. Vi har trøng for kommunikasjon ikkje berre på dagtid, men også tidlege morgonar til langt på natt.

I november 2017 sendte vi brev til Hordaland Fylkeskommune om kor viktig den planlagde Masfjordbrua vil vere også for næringslivet i Ytre Gulen. Dette vart også formidla til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Gulen kommune. Når no Hordaland Fylkeskommune og Skyss ynskjer å kutte i ferjetilbuda på Fensfjorden, evt. også over Masfjorden ja så er det på nytt påkrevande at Masfjordbrua vert bygd snarast råd. Brua vil gje oss døgnkontinuerleg høve å sende varer og tjenester ut og inn, samt rekke tidlege og seine flyavgangar på Flesland. Omkjøring via Romarheim er lang og svært risikoutsett både i høve vinterføre og andre traffikale hendingar. På same måte vil våre arbeidstakrar frå Bergen og Nordhordland kunne bu der og jobbe her.

Vi viser til innhaldet i vårt brev frå 5.11.2017 om næringslivet i Ytre Gulen som stadig er like dagsaktuelt. No ber vi Sogn og Fjordane Fylkeskommune snarast råd ta initiativ ovanfor sine kommande kollegaer frå Hordaland for å sikre ein god og framtidsretta kommunikasjon frå Ytre Gulen til Nordhordland og Bergen. Dette kan gjerast ved eit snarleg vedtak om å starte opp prosjektet med Masfjordbrua og å oppretthalde i fyrste rekke dei tidlege avgangane på ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg slik at arbeidsmarknaden her kan vidareutvikle seg.

Regionen Knarvik – Mongstad – Ytre Gulen har eit næringsliv som har mykje samanfallande aktivitet og ein felles bu og arbeidsmarknad.

Vi håper det nye fylket Vestland vil dra nytte av utviklinga i vår region, men då må vi og få plass viktig infrastruktur på tvers av fjordane her.

Vi håper på positiv dialog kring dette vidare.

Med helsing

Norva 24 as

Hans Birkeland / Søny Birkeland.

Birkeland Entreprenørforetning as

Hans Birkeland

Firda Seafood as

Ole Braanaas

Skipavika Næringspark as

Jørgen Helgesen

Skipavika Terminal as



Gulen og Masfjorden Utvikling



BKK Nett AS



SafeClean AS



Basor Norge AS



Kvingo Nærkjøp AS

